



ALVER KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

- Møtedato: 25. april 2023 kl. 09:00 – 13.45
- Stad: Formannskapssalen, Frekhaug (Meland rådhus)
- Deltakrar: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Arild Tveranger (medlem), Rolf Sandstad (medlem) og Are Nygård (vara for Margrethe Aven Storheim)
- Forfall: Margrethe Aven Storheim (medlem)
- Andre: Ordførar Sara Sekkingstad (til og med sak 14/23, kl 11.00), Kommunalsjef økonomi, Janne Sund (i sak 14/23), Tenesteleiar arealforvaltning, Siril Sylta (i sak 15/23), Innkjøpssjef, Henriette Dale Bråthen og Assisterande kommunedirektør Martin Kulild, (i sak 16/23)
- Revisor: Rekneskapsrevisor, Rune Mydland, KPMG (sak 14/23) og Forvaltningsrevisor, Sindre Rødne Dueland, KPMG (sak 17/23)
- Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

INNHALDSLIS TE

11/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
12/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....	2
13/23 Meldingar	3
14/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 – uttale frå kontrollutvalet	4
15/23 Rutinar for klagehandsaming – oppfølging av sak 03/22	5
16/23 Orientering om Alver kommune sin innkjøpsstrategi.....	5
17/23 statusorientering forvaltningsrevisjonsprosjekt under arbeid	6
18/23 Framlegg til budsjett kontrollutvalsarbeidet 2024	7
19/23 Møteprotokollar frå politiske utval.....	8
20/23 Eventuelt.....	8



11/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 25.04.2023 er godkjent.

HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 25.04.2023 er godkjent.

12/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 21.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 21.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.



13/23 MELDINGAR

- a. Kommunestyrevedtak Alver kommune - gransking personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i 2019
- b. Svar på søknad om fritak fra folkevalgte politiske verv_endring vara
- c. Ny rettleiar frå NKRF om kontrollutvalet sitt sjå til-ansvar
- d. Orientering om innkomne tilbod til konkurranse om revisjonstenester
- e. Endring i politisk styringsstruktur og reglement – handsaming i kommunestyret
- f. Oppfølging av henvending om Byggesaksavdelinga i Alver og klagehandsaming
- g. Henvending: VA Prosjekt - Risbekken, 5911 Alversund

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a - g til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalsleiar gjekk gjennom meldingssakene.

Kontrollutvalet drøfta sak g. «Henvending: VA Prosjekt - Risbekken, 5911 Alversund.»

Arild Tveranger (FrP) fremja framlegg om følgande andre ledd til vedtaket: «*Kontrollutvalet ber om ei orientering om sak 13/23 g i neste møte.*»

Rolf Sandstad (KRF) fremja framlegg om følgande andre ledd til vedtaket «*Kontrollutvalssekretariatet vurderer henvendinga i sak 13/23 g opp mot rutine og rettleiar for henvendingar, og legg fram ei vurdering av om kontrollutvalet kan ta opp saka innafor sitt mandat til neste møte*»

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre og stemt over.

Arild Tveranger sitt framlegg fekk tre stemmer (Frp, Uavh). Framlegget fall.

Framlegget til Rolf Sandstad står, og vert lagt til kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek meldingssakene a - g til orientering.
2. Kontrollutvalssekretariatet vurderer henvendinga i sak 13/23 g opp mot rutine og rettleiar for henvendingar, og legg fram ei vurdering av om kontrollutvalet kan ta opp saka innafor sitt mandat til neste møte.



14/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022 – UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

HANDSAMING I MØTET

Kommunalsjef, økonomi, Janne Sund, orienterte om årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022. Leiar økonomi, Monicka Larsen Feyling, var også til stades.

Rekneskapsrevisor Rune Mydland, KPMG, orienterte om revisjonsmeldinga og revisjonen av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

Kontrollutvalet drøfta framlegg til uttale om årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

Årstalet som viser til datoar for avlegging av årsrekneskap og årsmelding, ramt revisjonsmelding i uttalen er feil. Det står 2022, medan det rette naturlegvis er 2023. Dette vert retta i dokumentet som vert sendt over til kommunestyret.

Ut over denne årstalfeilen vart kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.



15/23 RUTINAR FOR KLAGEHANDSAMING – OPPFØLGING AV SAK 03/23

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringa om Alver kommune sine rutinar for klagehandsaming i byggesaker til informasjon.

Informasjonen kan nyttast i samband med ny risiko- og vesentlegvurdering, som vil starta opp når nytt kontrollutval er konstituert hausten 2023.

HANDSAMING I MØTET

Tenesteleiar arealforvaltning, Siril Sylta, orienterte om Alver kommune sine rutinar for klagehandsaming i byggesaker.

Presentasjonen vert lagt ved protokoll til orientering.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringa om Alver kommune sine rutinar for klagehandsaming i byggesaker til informasjon.

Informasjonen kan nyttast i samband med ny risiko- og vesentlegvurdering, som vil starta opp når nytt kontrollutval er konstituert hausten 2023.

16/23 ORIENTERING OM ALVER KOMMUNE SIN INNKJØPSSTRATEGI

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringa om Alver kommune sin innkjøpsstrategi til informasjon.

Informasjonen kan nyttast i samband med ny risiko- og vesentlegvurdering, som vil starta opp når nytt kontrollutval er konstituert hausten 2023.

HANDSAMING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 17/23.

Innkjøpssjef, Henriette Dale Bråthen og assisterande kommunedirektør, Martin Kulild, orienterte om Alver kommune sin innkjøpsstrategi.

Presentasjonen vert lagt ved protokoll til orientering.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringa om Alver kommune sin innkjøpsstrategi til informasjon.

Informasjonen kan nyttast i samband med ny risiko- og vesentlegvurdering, som vil starta opp når nytt kontrollutval er konstituert hausten 2023.

17/23 STATUSORIENTERING FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT UNDER ARBEID

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek statusorienteringa om dei to forvaltningsrevisjonsprosjekta som er under arbeid, beredskap og pandemi – og barnevern, til informasjon.

HANDSAMING I MØTET

Saka vart handsama før sak 16/23.

Forvaltningsrevisor Sindre Rødne Dueland orienterte om status i møtet.

Kontrollutvalet drøfta vektinga på pandemihandtering i forvaltningsrevisjonsprosjektet «beredskap og pandemi.»

Prosjektet held seg innafor rammene som er lagt i prosjektplanen, men blir litt meir overordna på det generelle punktet om beredskap.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek statusorienteringa om dei to forvaltningsrevisjonsprosjekta som er under arbeid, beredskap og pandemi – og barnevern, til informasjon.

**18/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2024****FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 2 031 000,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalssekretær orienterte om framlegg til budsjett.

Kontrollutvalet drøfta budsjettframlegget.

Solbjørg Åmdal Sandvik gjorde framlegg om å leggje til 100 000 kr i posten «revisjonstenester,» og ta ut 100 000 kr frå posten uføresett kontrollarbeid. Total ramme vert lik som framlegget.

Dette vart einstemmig vedteke.

Budsjettoppsettet vert då slik:

Alver kontroll og revisjon 2024	Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg 2024
Revisjonstenester	kr 1 100 000
Sekretariat	kr 280 000
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	kr 350 000
Diverse møteutgifter	kr 35 000
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 15 000
Opplæring kontrollutvalet	kr 150 000
IKT-utstyr+kommune-TV	kr 1 000
Uføresett kontrollarbeid	kr 100 000
Totalt	kr 2 031 000

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 2 031 000,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

19/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Harald Breivik orienterte kort om relevante saker frå kommunestyret.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet vart lagt fram i førre kommunestyremøte, og nestleiar, Harald Breivik, presenterte då denne kort.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

20/23 EVENTUELT

Ingen saker meldt.



Orientering om rutinar og saksgang i klage på vedtak i byggesaker

Kontrollutvalet 25.04.2023



ALVER
KOMMUNE

Bakgrunn for orienteringa

Bakgrunn

Kontrollutvalet handsama i møtet 21.02.2023 ei henvending, sett på sakskartet som meldingssak 03/23 b) «Henvending: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggesaker.» Kontrollutvalet gjorde vedtak om å få saka til handsaming i neste møte.

Henvendinga er knytt til ei pågåande enkeltsak, som normalt ikkje vert handsama av kontrollutvalet. Kontrollutvalet er heller ikkje eit klageorgan, men innsendar skriv at dei ber om «at vår sak vert teke opp i Kontrollutvalet med det for auga å setja lys på kommunen sin forvaltingskompetanse, forvaltingspraksis og forvaltingskikk innanfor plan- og byggesakshandsaming, og særleg sakshandsamar/kommunalsjefen sitt ansvar for god og heilskapleg opplysning av saker før vedtak (Forvaltingslova sine kvalitetskrav om "tilstrekkeleg opplysning av saka" som grunnlaget for gyldig vedtak), for klagerettleiing til berørte partar og ansvar for framdrift i klagehandsaminga.»

Kontrollutvalet vurderte det difor slik at dei kunne be om ei generell orientering om sakshandsaming og ansvar for framdrift i klagehandsaming innafor byggesaker. Saka som er innsendt kan kanskje brukast som case for å sjå på tematikken som vert løfta fram i henvendinga. Fokuset er altså på den generelle budskapet i henvendinga, ikkje på sjølve innhaldet i sakskomplekset som er presentert i denne enkeltsaka.

Heile henvendinga, med alle vedlegg innsendar la ved, ligg som vedlegg til saka til informasjon, sjølv om det ikkje er naturleg at kontrollutvalet går inn i detaljar i ei enkeltsak. Sekretariatet har sendt dette over til administrasjonen, slik at dei skal vera orienterte om heile sakskomplekset som innsendar viser til.

Det er bede om informasjon om svarfristar og saksgang i denne typen saker. I tillegg er administrasjonen bede om å ta med følgande i presentasjonen, basert på innspel kontrollutvalet sine medlemmer kom med i førre møte:

- Kor mange klager har kommunen fått på sakshandsaming i byggesaker?
- Korleis handsamar kommunen klager?
- Har saker har gått til rettsapparatet? Kor mange, og kva har utfallet vore?

Saka der er referert til i innkallinga

- Dette gjeld ei begjæring av omgjering av eit seksjoneringsvedtak frå gamle Lindås kommune datert 05.06.2018.
- Her har det skjedd ein feil hos oss som gjer at kunden si sak har lagt uforholdsmessig lengde utan at saka har vorte handsama. Det skal ikkje skje, og vi jobba aktivt med at vi har god oversikt på saksprotetølgja vår til ei kvar tid.
- Det har tidlegare vore handsama ein klage på det same vedtaket frå klagar, og resultatet var at klagen vart avvist då klagen vart fremja for seint. Dette vedtaket er stadfesta av Statsforvaltaren i Vestland.

Stega i ei byggesak



Orientering om klagerett når vedtak er fatta

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Plan- og bygningslova (pbl) sine reglar om klage

Pbl § 1-9

- Viser til forvaltningslova sine reglar
- Nokre særreglar for kva som ikkje kan klagast på

Byggesaksforskrifta § 7-1

- sakshandsamingsfrist på 8 veker for kommunen
- 6 veker der det er gjeve utsett iverksetting
- Sakshandsamingsfrist på 12 veker Statsforvaltar



Forvaltningslova sine reglar om klage



ALVER
KOMMUNE

VEDTAK SOM EIN KAN KLAGA PÅ § 28

- Enkeltvedtak
- Det er ein part eller andre med rettsleg klageinteresse som kan klaga

KLAGEFRIST § 29

- Fristen er 3 veker frå ein mottar vedtaket eller frå det tidspunktet der ein har fått eller burde fått kjennskap til vedtaket

TIDSPUNKT FOR INNSENDING AV KLAGE § 30

- Klagen må vere sendt til oss før fristen går ut
- Dersom du sender inn ein førebels klage innan fristen, kan du gje grunngjeving seinare (likevel utan ugrunna opphald).



OVERSITTA KLAGEFRIST § 31

- Reglar for vurdering av om klagen likevel skal handsamast NB! Dette er ein «kan» regel.

FORMALKRAV TIL KLAGE § 32

- Skal rettast til det forvaltningsorgan som traff vedtaket (skriftlig)
- Vere underteikna av klagar eller hans fullmektig
- Vise til vedtaket det vert klaga på
- Vise til kva ein vil ha endra i vedtaket det vert klaga på

REGLAR OM SAKSFØREBUING § 33

Utredningsplikt
Partane har rett til uttale

TILSTREKKELEG OPPLYST § 17

- Saka skal vere tilstrekkeleg opplyst
- Partane har rett til å uttale seg

UTSETT IVERKSETTING § 42

- Vedtak kan ikkje settast i verk før klagen er endeleg avgjort

Stega i ei byggesak



Arealforvaltning - tenesteområde

Vedtak

Klage

Tenesteleiar
Siril Sylta

Plan og byggesak
Are Frøysland Grande

Kart og oppmåling
Tommy Veland

Landbruk
Laila Bjørge

Miljø og tilsyn
Eirik Berntsen



ALVER
KOMMUNE

Om klagebehandling

- Klagebehandling er ikkje ei gebyrlagd teneste
- Dei ressursane som kommune brukar til klagebehandling er betalt av kommunekassen og er ikkje omfatta av sjølvkost
- Alver kommune har 1 årsverk som har klagebehandling på vedtak i plan, bygge- og delesaker som si arbeidsoppgåve.



Handsaming av klage etter gjeldande delegeringsreglement

Utgangspunktet er at Utval for areal, plan og miljø handsamar klagesaker etter plan- og bygningslova, jf. oppdatert delegeringsreglement vedtatt 29.10.2020. Dette gjeld alle klagesaker med unntak av dei som går fram under, dei vert handsama administrativt.

Klagehandsaming


Utvalet skal handsame klager på enkeltvedtak innanfor utvalet sitt saksområde, med unntak av:

- Klage på vedtak om avvist søknad eller avvist klage
- Klager på gebyr eller klage på avslag på søknad om redusert gebyr etter gebyrforskrift
- Klage på vedtak om sakskostnader
- Klage på vedtak etter kapittel 32 i plan- og bygningslova



Rutinar for handsaming av klage

- Rutine for handsaming av klagesaker ligg i kommunen sitt kvalitetssystem og blir rullert etter behov.
- Rutina gjev oversikt på korleis klagen først skal vurderast av sakshandsamar, og deretter korleis klagen blir sendt vidare til avdeling for Miljø og tilsyn for handsaming av klagen.
- Vi har sakshandsamarar som har lang og god erfaring, og eigen jurist som handsamar klagesakene. Vi har god kompetanse og lang erfaring med klagesaker både når det gjeld sakshandsamarar og på leiarnivå.





	Klager mottatt i kommunen	Klager mottatt i kommunen	Klager behandlet i kommunen	Klager behandlet i kommunen	Klager behandlet i kommunen	Tid	Tid
Klager mottatt i eller behandlet i kommunen	a. Antall klager som kommunen MOTTOK i alt	a1. Herav: Antall klager som ble AVVIST	b. Antall klager som kommunen GJORDE VEDTAK PÅ i alt	b1. Herav: Antall klager som ble TATT TIL FØLGE	b2. Herav: Antall klager som ble OVERSENDT STATS-FORVALTEREN	c. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid i kommunen, kalenderdager	d. Antall klager med saksbehandlingstid over lovpålagt frist
	f	f	f	f	f	f	f
1. Klager i alt	84	3	61	38	23	95	55
<u>2. Klager på gebyrer</u>	15		3	0	3	278	3
<u>3. Klager på resultat av søknader</u>	67	2	55	37	18	76	50
3a. Klager på byggesøknader	52	2	43	28	15	77	38
3b. Klager på søknader om opprettelse og endring av eiendom	15	0	12	9	3	75	12
3c. Klager på oppmålingssaker	0		0				
3d. Klager på seksjoneringsaker	0		0				
<u>4. Klager ifm tilsyn og ulovlighetsoppfølging i alt</u>	2	1	3	1	2	275	2

OVERSIKT TAL KLAGESAKER – KOSTRA 2022



ALVER
KOMMUNE

E2. Klagesaker oversendt fra kommunen og behandlet av statsforvalteren

Klagesaker behandlet av statsforvalteren	e. Antall kommunale vedtak som statsforvalteren har fattet vedtak om i alt	e1. Antall kommunale vedtak som ble <u>STADFESTET</u>	e2. Antall kommunale vedtak som <u>IKKE BLE OPPRETT-HOLDT</u>	e2a. Herav: Antall kommunale vedtak som ble <u>OMGJORT</u>	e2b. Herav: Antall kommunale vedtak som ble <u>OPPHEVET OG SENDT TILBAKE TIL KOMMUNEN</u> for ny behandling
	f	f	f	f	f
1. Klager behandlet av statsforvalteren i alt	21	6	15	14	1
<u>2. Klager på gebyrer</u>	0				
<u>3. Klager på resultat av søknadsbehandlingen</u>	21	6	15	14	1
3a. Klager på byggesøknader	16	6	10	9	1
3b. Klager på søknader om opprettelse og endring av eiendom	5		5	5	
3c. Klager på oppmålingssaker	0				
3d. Klager på seksjoneringssaker	0				
<u>4. Klager ifm tilsyn og ulovlighetsoppfølging i alt</u>	0				

OVERSIKT TAL KLAGESAKER – KOSTRA 2022

E1. Antall klagesaker mottatt i eller behandlet av kommunen							
	Klager mottatt i kommunen	Klager mottatt i kommunen	Klager behandlet i kommunen	Klager behandlet i kommunen	Klager behandlet i kommunen	Tid	Tid
Klager mottatt i eller behandlet i kommunen	a. Antall klager som MOTTOK i alt	a1. Herav: Antall klager som ble AVVIST	b. Antall klager som kommunen GJORDE VEDTAK PÅ i alt	b1. Herav: Antall klager som ble TATT TIL FØLGE	b2. Herav: Antall klager som ble OVERSENDT STATS-FORVALTEREN	c. Gjennomsnittlig saks-behandlings-tid i kommunen, kalender-dager	d. Antall klager med saks-behandlings-tid over lovpålagt frist
	f	f	f	f	f	f	f
1. Klager i alt	86		66				
2. Klager på gebyrer	13	6	1	1	0	1	1
3. Klager på resultat av søknader	68		64				
3a. Klager på byggesøknader	51	3	48	22	26	1	24
3b. Klager på søknader om opprettelse og endring av eiendom	16	1	15	10	5	1	8
3c. Klager på oppmålingssaker	1	0	1	0	1	1	
3d. Klager på seksjoneringssaker	0		0				
4. Klager ifm tilsyn og ulovlighetsoppfølging i alt	5	0	1	0	1	44	

OVERSIKT ANTALL KLAGESAKER – KOSTRA 2021

E2. Klagesaker oversendt fra kommunen og behandlet av statsforvalteren

Klagesaker behandlet av statsforvalteren	e. Antall kommunale vedtak som statsforvalteren har fattet vedtak om i alt	e1. Antall kommunale vedtak som ble <u>STADFESTET</u>	e2. Antall kommunale vedtak som <u>IKKE BLE OPPRETT-HOLDT</u>	e2a. Herav: Antall kommunale vedtak som ble <u>OMGJORT</u>	e2b. Herav: Antall kommunale vedtak som ble <u>OPPHEVET OG SENDT TILBAKE TIL KOMMUNEN</u> for ny behandling
	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>
1. Klager behandlet av statsforvalteren i alt	<input type="text" value="12"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>
2. Klager på gebyrer	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>
3. Klager på resultat av søknadsbehandlingen	<input type="text" value="11"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>
3a. Klager på byggesøknader	<input type="text" value="6"/>	<input type="text" value="6"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>
3b. Klager på søknader om opprettelse og endring av eiendom	<input type="text" value="5"/>	<input type="text" value="2"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="3"/>	<input type="text" value="0"/>
3c. Klager på oppmålingssaker	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>
3d. Klager på seksjoneringsaker	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>
4. Klager ifm tilsyn og ulovlighetsoppfølging i alt	<input type="text" value="1"/>	<input type="text" value="1"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>	<input type="text" value="0"/>

OVERSIKT ANTALL KLAGESAKER – KOSTRA 2021

Klage på byggesak i rettsapparatet

- Alver kommune har ingen klager i byggesaker som er i rettsapparatet og avgjort ved dom
- Vi har motteke 2 erstatningskrav/søksmålsvarsel som gjeld ei tidlegare byggesak frå Lindås kommune
- Det er fleire private tvistar som hamnar i rettsapparatet som følgje av ei byggesak/klagesak, der det privatrettslege tilhøve mellom partane som er tema.
- Klagesaker som er endeleg avgjort av Statsforvaltar, er det Statsforvaltar som er part.



Innkjøpsstrategi

Alver kommune 2022 – 2025

Presentasjon i kontrollutvalet 25.04.2023

Henriette Dale Bråthen, Innkjøpssjef



ALVER
KOMMUNE

Innleiing

Innkjepsstrategien vart vedteke av kommunestyret 07.04.2022, sak 048/22 [Alver kommunestyre 07.04.2022](#)

[Innkjepsstrategi Alver Kommune 2022-2025](#)

[Innkjepsreglement](#)

Innkjepsreglementet skal ikkje handsamast politisk, men er eit administrativt verktøy i sjølve prosessen knytt til innkjøp.

Strategien består av 5 delmål med tilhøyrande tiltak, oppdelt i:

- Prioriterte tiltak
- Vidare ambisjonar ved utvida innkjøpsressurs



Gjennomføring av enkelte av tiltaka er forseinka i forhold til gjennomføringstidspunkt angitt i strategien, grunna dagens ressursituasjon.

Merk at fleire tiltak ikkje er eingongsoppgåver, men oppgåver det må jobbast med kontinuerleg (*tiltak merka i kursiv i denne presentasjonen*).



Delmål 1

Alver kommune skal bygga opp kompetansen på offentlig innkjøp for å kunne forbedre gjennomføringa av innkjøpa.

Fullført	Pågår	Gjenstår
<i>Maler og <u>prosessar</u>.</i>	Rutine for avtaleoppfølging.	Utarbeiding av organisatorisk modell.
<i>Tilpassing av innkjøpsverktøy.</i>	<i>Utøva større påverknad på innkjøpssamarbeidet.</i>	Inkludere eigne <u>rammeavtalar</u> i e-handel.
<i>Opplæring/kurs.</i>		



Delmål 2

Alver kommune sine anskaffingar vil organiserast effektivt, med avklarte roller og rett kompetanse.

Fullført	Pågår	Gjenstår
Styringsdokument i kvalitetssystemet.	Forenkling og ansvarsavklaring.	Etablering av <u>innkjøpsfagleg</u> ressursgruppe.
<i>Alle <u>anskaffingar</u> går via det digitale innkjøpsverktøyet <u>Merzell</u>.</i>		<i>Oppdatere og forenkle innkjøpsreglement.</i>
Basis-informasjon om <u>avtalar</u> tilgjengeliggjort for alle tilsette.		



Delmål 3

Alver kommune ønsker å bidra til å utvikle det lokale næringsliv gjennom sitt innkjøpsarbeid.

[Alver kommune - Innkjøp i Alver kommune](#)

Fullført	Pågår	Gjenstår
Informasjon om innkjøp i kommunen er offentliggjort på heimesida: Alver kommune - Innkjøp i Alver kommune	<i>Arbeid med å <u>gjera måla</u> i strategien kjent for alle som arbeider med innkjøp.</i>	Tilby næringslivet gjennomgang av regelverk og digitale anskaffelsesverktøy.
<i>Kurs <u>marknadsdialog</u>.</i>	<i>Bruk av forenkla <u>prosessar</u> i mindre <u>konkurransar</u>.</i>	
<i>Tilbakemelding til <u>tapande tilbydarar</u> gis i alle <u>konkurransar</u>.</i>		



Delmål 4

Alver kommune skal ha god forvaltning og oppfølging av sine anskaffingar.

Fullført	Pågår	Gjenstår
<i>Standardiserte <u>kontraktar</u>.</i>	Revisjon (gjennomføres av innkjøpssjef).	<i>Utarbeiding av avtaleoversikt for kvart <u>tenesteområde</u>.</i>
<i>Opplæring, kurs.</i>	Etablering av felles prosess for <u>kontraktsforvaltning</u> .	
<i><u>Synleggjering</u> av inngåtte avtalar.</i>		



Delmål 5

Anskaffingar gjennomført av Alver kommune skal ha fokus på bruk av reserverte og inkluderande avtalar der dette er gjeldande.

Nøkkelord: Vekst- og attføringsbedrifter dvs. handikappede eller vanskeligstilte personer.

Fullført	Pågår	Gjenstår
<i><u>Bevisstgjering av eksternt innleigde innkjøpsrådgjevarar og behovshavar internt.</u></i>	<i><u>Anskaffing: vaskeritenester.</u></i>	Innarbeide rutine for å sikra <u>skriftleggjering av vurderingane.</u>
		Etablere <u>måleindikatorar</u> vi kan <u>rapportera på.</u>

